



Saksbehandlar: Ilona Nowak

Rådmann: Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
072/23	Hovudutval teknisk/næring	20.11.2023
148/23	Formannskapet	27.11.2023
138/23	Kommunestyret	11.12.2023

Reguleringsplanarbeid for fv. 541 Tjernagelvegen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alternativ 1:

Kommunestyret stadfestar vedtaket i sak KOM-036/22 pkt. 1) datert 04.04.2022 der «Detaljregulering for fv. 541 Krossleite – Grimstveit» blei vedteken.

Alternativ 2:

1. Sveio kommune startar ny planprosess med endring av gjeldande planframlegg for å imøtekoma interessene til alle dei råka grunneigarane langs heile strekninga Krossleite – Grimstveit.
2. Følgjande traséar og/eller delstrekningar skal inngå i arbeidet med endring av gjeldande planframlegg: a) ... b) ... c) ... d) ...
3. Om ikkje forlenging av avtalen med plankonsulenten er mogeleg må det setjast i gong ein anbudsprosess med innhenting av pristilbod på konsulentarbeid i tråd med pkt. 2) ovanfor.
4. Framdriftsplan for ny planprosess blir utarbeidd og lagt fram for kommunestyret saman med sak om endelege kostnader når omfanget av dette er avklara med plankonsulenten eller pristilbod føreligg.

Kommunestyret 11.12.2023:

Behandling:

Fleire tok ordet i saka.

Framlegg til vedtak frå Vibeke Enerstvedt (FrP):

1. Sveio kommune startar ny planprosess med endring av gjeldande planframlegg for å imøtekomme interessene til alle dei råka grunneigarane langs heile strekninga Krossleite–Grimstveit.
2. Følgande traséar og/eller delstrekningar skal inngå i arbeidet med endring av gjeldande planframlegg: a) B3 b) C2
3. Om ikkje forlenging av avtalen med plankonsulenten er mogleg må det settast i gang ein anbudsprosess med innhenting av pristilbod på konsulentarbeid i tråd med pkt. 2 ovanfor.
4. Framdriftsplan for ny planprosess blir utarbeidd og lagd fram for kommunestyret saman med sak om endelege kostnader når omfanget av dette er avklara med plankonsulenten eller pristilbod ligg føre.

Framlegg til vedtak frå Asle G. Halleraker (TvF):

1. Kommunestyret ber rådmannen starta arbeidet med endring av framlagt planforslag for dei aktuelle delstrekningane (ved Åse: B2 alternativ litt lenger vest enn opphaveleg B2 og ved Færås C4 alternativ).
2. Rådmannen lagar ein oppdatert KU for null-alternativet som er i samsvar med plan- og bygningsloven §§ 4-1 og 4-2 sine krav til planprogram og konsekvensutgreiing.
3. Administrasjonen kjem tilbake med framdriftsplanen for arbeidet.
4. Løyving av midlar og finansiering av dette arbeidet blir gjort i eiga sak når omfanget av arbeidet er avklara med plankonsulenten i Vestland fylkeskommune eller tilsvarande.
5. Punkt 3 og 4 blir lagt fram som sak i neste møteserie.
6. Dersom det er tenleg for framdrifta av arbeidet eller finansiering av prosjektet, kan planen delast i to reguleringsplanar.
7. HTN blir referansegruppe som det skal rapporterast jamleg til, med referat til formannskapet.
8. Kommunestyret ber rådmannen om å setta av eit område i kommuneplanen for ei ny framtidig vegløyving mellom fv. 541 og Haukås-området. Veggen er tenkt som fylkesveg. Denne framtidige vegløyvinga skal vera med på å sikra utviklinga av vestre del av Sveio og søre del av Bømlø, samt vera ein omkøyingsveg for E39 når Trekantsambandet er stengt.

Røysting:

Formannskapet si tilråding blei sett opp mot Halleraker (TvF) sitt framlegg til vedtak. Resultatet blei 18–7 i favør av førstnemnde. Mindretalet: TvF, INP, MDG, Inger-Emilie K. Panayiotou (Ap) og Kristian Haaland (Ap).

Formannskapet si tilråding blei deretter sett opp mot Enerstvedt (FrP) sitt framlegg til vedtak. Resultatet blei 15–10 i favør av førstnemnde. Mindretalet: Kristine B. Tikkanen (FrP), Vibeke Enerstvedt (FrP) og Bjørn G. Huseby (FrP), TvF, INP, MDG og Inger-Emilie K. Panayiotou (Ap).

KOM - 138/23 Vedtak

Kommunestyret stadfestar vedtaket i sak KOM-036/22 pkt. 1, datert 4. april 2022 der *Detaljregulering for fv. 541 Krossleite–Grimstveit* blei vedtatt.

Formannskapet 27.11.2023:

Behandling:

Fleire tok ordet i saka.

Røysting:

Det blei røysta over hovudutval teknisk/næring si tilråding. Resultatet blei 5 for og 2 mot. Mindretalet: Rune Teikari (FrP) og Asle G. Halleraker (TvF).

FOR - 148/23 Vedtak

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret stadfestar vedtaket i sak KOM-036/22 pkt. 1, datert 4. april 2022 der *Detaljregulering for fv. 541 Krossleite–Grimstveit* blei vedtatt.

Hovudutval teknisk/næring 20.11.2023:

Behandling:

Fleire tok ordet i saka. Møtet blei heva for gruppesamtalar og politiske avklaringar kl. 1821-1835 og kl. 1843-1848.

Framlegg til vedtak (rådmannen sitt alternativ 1) frå Olav Østebø Olsen:

Kommunestyret stadfestar vedtaket i sak KOM-036/22 pkt. 1) datert 04.04.2022 der «Detaljregulering for fv. 541 Krossleite – Grimstveit» blei vedteken.

Samrøystes som framlagt av Olav Østebø Olsen (rådmannen sitt alternativ 1).

HTN - 072/23 Vedtak

Tilråding til formannskapet:

Kommunestyret stadfestar vedtaket i sak KOM-036/22 pkt. 1) datert 04.04.2022 der «Detaljregulering for fv. 541 Krossleite – Grimstveit» blei vedteken.

Saksutgreiing

Det blir synt til saksutgreiinga til førre møteserie som er kopiert inn på slutten av dette sakspapiret.

Nye saksopplysningar

Saka blir lagt fram for ny behandling etter å ha blitt utsett i førre HTN-møte. Sjå vedlagt nytt notat. Opphavleg sakspapir ligg og ved.

Bakgrunn for saka

Pkt. 2) i vedtak i sak KOM-088/23 datert 25.09.23:

KOM- 088/23 Vedtak:

1. Saka blir sendt tilbake til hovudutval teknisk/næring.
2. Etter at nødvendige avklaringar er gjort av/med fylkeskommunen og ev. Statsforvaltaren, må det lagast ein plan for gjennomføring av prosessen, inkl. framdriftsplan og endeleg finansiering av planen.
3. Prosess, framdriftsplan og endeleg finansiering skal godkjennast av kommunestyret.

Vurdering

Det potensielt høge konfliktnivået i saka tilseier at det først av alt 1) må takast stilling til om planen skal endrast og 2) heilt konkret peika på kva endringar som i så fall skal gjerast. Deretter kan kommunen kontakta Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland for å drøfta prosessen vidare før det i neste omgang eventuelt blir utarbeidd framdriftsplan og teke stilling til finansiering av arbeidet.

Sveio kommune har blitt lova skriftleg tilbakemelding frå Vestland fylkeskommune på førespurnaden om vidareføring av avtalen med plankonsulenten som har utarbeidd gjeldande planforslag, og tek sikte på å leggja dette fram for hovudutvalet seinast i møtet 16.10.23.

Rådmannen sin konklusjon

For å imøtekoma interessene til dei råka grunneigarane langs heile strekninga Krossleite – Grimstveit må det gjennomførast ny planprosess med endring av gjeldande planframlegg.

Hovudutval teknisk/næring må ta stilling til om ny planprosess skal gjennomførast – og deretter konkret definera kva endringar ny planprosess i så fall skal omfatta.

Den varsla tilbakemeldinga frå Vestland fylkeskommune om eventuell vidareføring av avtalen med plankonsulenten vil bli avgjerande for både planprosess, framdriftsplan og kostnadskalkyle for arbeidet vidare.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) Forskrift om offentlige anskaffelser (anskaffelsesforskriften)